

Sildekrigen

Norske havforskarar er i hardt vær. Fiskarane hevdar at sildebestanden er fleire gonger større enn anslaga frå forskarane.

Side 16–23

Nordisk flyt

Nordiske styresmakter snakkar saman. Det kan fagforeiningane òg gjere.



FOTO: HANS SULEIKRAUF/WIKIMEDIA COMMONS

Utsikt frå Eldfell, vulkanen som hadde utbrot i 1973.

Vulkanutbrotet på islandske Vestmannæyar i 1973 tok med seg over 400 hus. Berre éin person omkom under utbrotet, forgifta av gass. I månadsvis kjempa bergingsmannskap mot lavaen, som seint seig fram. Dei sprøyta på store mengder sjøvatn for å kjøle ned og forseinke lavaen. Nesten alle dei rundt 5000 innbyggjarane evakuerte, og busette seg mellombels eller varig på det islandske fastlandet.

På forsommaren deltok eg med Forskerforbundet på nordisk møte. Forbundet møter årleg dei nordiske systerorganisasjonane, og no var møtet lagt til Vestmannaeyar. Settingen ved dei nordiske møta er verdifull, eg vil nesten seie genial. Kor kan ein elles dele bord med folk frå alle dei nordiske landa samtidig? Landa har ulike system, men på eit par dagar kjem både nasjonale trender og felles utviklingstrekk ganske klårt fram. Nordisk møte er eit forum for å verte inspirert, eller for å verte merksam på trugsmål, som kan kome over landegrensene.

Korleis er tilstanden for forskning og høgare utdanning i Norden? Inntrykket er at Danmark og Finland har ekstra mykje å stri med. I Danmark skjer dei hardt ned på universiteta. Dei neste fire åra skal ein spare om lag 10 milliardar danske kroner på høgare utdanning og forskning, og i samband med dette sa forskingsminister

Settingen ved dei nordiske møta er verdifull, eg vil nesten seie genial.

Esben Lunde Larsen: «Selvfølgelig har det konsekvenser. Men der er ingen, der skal bilde meg ind, at de institutioner, der i dag er kornfede, ikke også kan stramme op.» Ordvalet «kornfede», som ein kan omsetje med velfødd, vart motteke som ein provokasjon i universitetsverda, og ministeren måtte orsake uttrykket.

Finland har hatt lågkonjunktur dei siste åra, og dette har råka universitetssektoren hardt. Det siste året har om lag 1700 lærar- og forskarstillingar vorte skorne vekk. I totale tal har det gått verst ut over Helsingfors universitet, der nærare 1000 av 8000 stillingar er fjerna. Lønsutviklinga for dei som framleis har jobb er negativ: Arbeidstida har auka utan at løna har gjort det.

Frå Sverige kan ein nemne at Sulf, systerorganisasjonen til Forskerforbundet, den siste tida har hatt demokrati og medverknad som ei fanesak. Dei peikar på at institusjonane vert stadig meir topptunge og linjestyrt, medan kollegiale organ som regel berre er rådgjevande. Sulf fører ein kamp for at representative organ på alle nivå skal ha reell innverknad.

Islandingane har vore gjennom ein lang periode med forhandlingar om løn og tilsettingsforhold. Fagforeiningane er nøgde med resultatet, som etter magre år har gjeve ei god lønsutvikling i sektoren. Elles har partane i arbeidslivet late seg inspirere av den skandinaviske frontfagsmodellen, og dei har sikra seg bidrag frå økonom og frontfagseksperter Steinar Holden. Prinsippet er at visse delar av privat sektor forhandlar fyrst, og resultatet i frontfaget gjev retning for dei andre oppgjera. I Noreg er frontfaget konkurranseutsett industri, men islandingane har til gode å finne ut kva sektor som kunne ha vore eigna for dei. Fiskerieringa er truleg den mest samanliknelege, men er ueigna i og med det svært svingande utkommet.

Møtet munna ut i ein sams resolusjon, der ein del fellesnemnarar kom til syne: fram for akademisk fridom, for avgiftsfri høgare utdanning, for kollegiale styreformer. Punkta går rett inn i aktuell debatt i Norden: Sverige har innført studieavgifter for studantar frå land utanfor EU (og hatt sterk nedgang av slike studantar). Diskusjonen om styreform og vald eller tilsett leining er ein klassikar i Noreg, og no ekstra aktualisert av alle fusjonane.

Dei nordiske venene fekk gleder av å besøke eit flott interaktivt museum om vulkanutbrotet. Museet er fysisk bygd opp rundt eitt av dei råka husa, intakt på sitt vis, halvfullt av lava og oske. Då utbrotet gav seg sommaren 1973, var innbyggjarane spreidde over heile Island. Samfunnet og husa måtte byggast opp att. Den sommaren fekk alle barn og ungdomar mellom 8 og 16 år tilbod om å reise på ferie til norske familiar i fjorten dagar. Dei falma fargebileta av unge islandingar på besøk i Noreg – eg må jobbe hardt for å få dei til å handle om forskingspolitikk, men eg vil nemne dei. Dei gjorde aller mest inntrykk, og eg let dei høyre med i ei søge om nordisk flyt.



Redaktør
Kjetil A. Brottveit



16: Sjøslaget

Hvor mye fisk er det egentlig i havet? Fiskere og forskere er dypt uenige, og striden om fiskebestanden hardner til.



26: Hjerte for sikkerhet

– Jeg hadde aldri tenkt på sikkerhet i medisinsk utstyr før, sier datasikkerhetsforsker Marie Mo. Men så fikk hun pacemaker med wifi-oppkobling.



30: Detaljert datahåndtering

Med ny teknologi kan statsvitere koordinere store mengder data om politisk historie. Målet er å finne ut hvordan ulike staters politikk påvirker økonomien i detalj.

4: På kreftene løs

Næringsinteresser tar i bruk nye metoder for å overstyre forskere, mener lakseforsker, som må utlevere e-posten sin fra et forskningsprosjekt.

5: – Ignorerer kompromiss

Flere forslag fra et utvalg som skulle redusere bruken av midlertidighet, er fjernet i regjeringens utkast til ny tjenestemannslov. Unio reagerer sterkt.

6: Vil ikke bruke tvang

Regjeringen vil ikke tvinge flere høyskoler til å fusjonere. – Men høyskolene i Volda og Molde har en jobb å gjøre, mener Kunnskapsdepartementet.

9: Ikke tid til artikkelskriving

– I en krevende museumshverdag er det ikke lett å holde kunnskapen om teori og metodebruk fra studietiden ved like, sier Kathrin Pabst.

10: Bygger nettverk i Brussel

Å kjenne noen som kjenner noen er viktig for å få innpass i EUs forskningssystem. Spillereglerne i Brussel er unorske, mener forsker.

FASTE SIDER

33: Tilbakeblikk

36: Bøker

38: Kronikk

39: Gjesteskrivent

41: Informasjon fra Forskerforbundet



Forskerforum

Nr. 7/2016 – 48. årgang

Fagblad om forskning og høyere utdanning. Forskerforum blir redigert etter redaktørplakaten og er medlem i Fagpressen.

UTGIVER: Forskerforbundet, Postboks 1025 Sentrum, 0104 Oslo, Telefon: 21 02 34 00/Telefaks: 21 02 34 01

ANSVARLIG REDAKTØR: KJETIL A. BROTTVEIT, kjetil.brottveit@forskerforum.no

REDAKSJONSSEKRETÆR: AKSEL KJÆR VIDNES, aksel.vidnes@forskerforum.no

JOURNALISTER: JOHANNE LANDSVERK, johanne.landsverk@forskerforum.no

ELIN REKDAL MÜLLER, elin.rekdal.muller@forskerforum.no, KJERSTIN GJENGEDAL, kjerstin.gjengedal@forskerforum.no,

KONTAKT REDAKSJONEN: redaksjonen@forskerforum.no

REDAKSJONSRAÐ: Martin Eide, professor UiB, Helge Salvesen, bibliotekdirektør UiT, Reidun Høydal, Møreforskning/Høgskulen i Volda

ANNONSER: Arne Aardalsbakke, Telefon: 900 43 282, E-post: annonser@forskerforum.no

Design: Concorde Design. Forsidefoto: Per Anders Todal. Trykk: Krona Trykk.

ISSN 0800-1715. Opplag: 19150

– VIL OVERSTYRE FORSKERE

Hvordan ville du reagert hvis advokater troppet opp og krevde innsyn i alle e-postene dine fra et forskningsprosjekt?

INSTITUTTSEKTOR

Det opplevde forsker Øystein Skaala ved Havforskningsinstituttet i vinter. Han har vært i hardt vær for sin forskning på lakselus i Gud-dalselva i Kvinnherad.

– Kravet om innsyn er bare toppen av isfjellet og et nytt uttrykk for holdninger vi har registrert over veldig mange år. Det er en ny omdreining på skruen der næringsinteresser ønsker å over-styre forskere og forskningsmiljø, mener Skaala.

MISTER ARBEIDSGLEDE OG KREATIVITET

Kravet om innsyn kom fra et advokatfirma som representerer Norske sjømatbedrifters landsforening (NSL), ifølge NRK. Tidligere har NSL, som organiserer oppdrettsnæringen, hevdet at forskningen i Guddalselva gir et falskt bilde av at lakselus fra oppdrett gir nedgang i villfisk.

– Det har vært insinuert at vi har fusket med resultat, og det har blitt spredt i media og på sosiale medier. Det er klart at det er begrenset hvor mye krefter og ressurser en har til å tilbakevise insinuasjonene, sier Skaala.

– Forskere har vanligvis et tett program. En slik sak er derfor veldig ødeleggende både for de aktivitetene vi skal gjøre for samfunnet, og for arbeidsgleden og kreativiteten.

LEDELSEN TATT PÅ SENG

– Denne typen krav er ikke vanlig, og instituttet hadde ingen beredskap for å håndtere det, heller ikke hvordan forskerne skulle ivaretas, sier tillitsvalgt for Forskerforbundet ved Havforskningsinstituttet, Bjarte Bogstad.

Men etter hvert som ledelsen kom mer på høyde med situasjonen, fikk også de involverte forskerne bedre oppfølging, opplyser han. Øystein Skaala bekrefter at han ble fulgt godt opp.

Det er imidlertid ikke innsynskravet Skaala reagerer på.

– Som forskere og institusjon skal vi passe på at vi har dokumentasjon og at den er tilgjengelig for samfunnet. Innsynskrav er viktig kontroll av aktivitet, sier han.

– Men kontroll med *forskningsresultat* skal foregå i helt andre kanaler. Det er gjennom internasjonal publisering hvor kompetente per-



FOTO: HAVFORSKNINGSINSTITUTTET

■ Forsker Øystein Skaala må utlevere all e-post med ordet Guddal i seg. I Guddalselva (bildet) forsket han på lakselus.

soner kritisk gjennomgår metode, fremstilling og analyse. Når så aktører uten kompetanse på forskning og de spesifikke fagområdene vil begynne å kontrollere det samme, er vi på ville veier, mener han, og sammenligner det med å skulle overprøve ingeniørfaglig kompetanse når industrielle konstruksjoner utformes.

– VIL KOMME FLERE SAKER

– Det kommer nok flere slike saker fordi forskere i stadig større grad skal bidra direkte til å løse samfunnsutfordringer. Ikke minst er vi bedt om å være mye mer aktive i vår forskningsformidling enn for bare ti år siden, sier Ingrid Bay-Larsen, forskningsleder ved Nordlandsforskning og medlem av Den nasjonale forskningsetiske komité for naturvitenskap og teknologi. Komiteen har akkurat en lignende sak til behandling.

– Ofte blir forskere trukket inn i en debatt av de politiske aktørene. Begge sider bygger sine argumenter på et faglig grunnlag. En måte å vinne den politiske dragkampen på er ved å

svekke motpartens faktagrunnlag, sier hun.

– Slik blir kunnskap en viktig strategisk faktor i politisk spill eller forretningsutvikling. Når man begynner med hets og konspirasjonsteorier, så er det viktig å spørre hvem som fremsetter kritikken, og hvilke motiver de kan ha.

Dersom forskere blir redde for sjikane, kan det påvirke hvilke spørsmål de stiller, eller de kan sky enkelte tema.

– Institusjonene, også Forskningsrådet og organisasjoner som Forskerforbundet, har et ansvar for å ramme inn rollen forskerne skal ha. Hvis forskere skal delta mer i samfunnet, må også våre ledere være med og bane vei og hegne om enkeltforskerne. Det er ikke meningen at man som enkeltperson skal måtte takle alt som skal komme av sjikane, sier Bay-Larsen.

– FAGKUNNSKAP MÅ RESPEKTERES

Skaala mener noe bra har kommet ut av denne saken, fordi tematikken er kommet fram i lyset.

– Holdningene er blitt tydelige, og de har nok overrasket mange, både forskere og forskningsinstitusjoner, sier Skaala. Han mener debatten har konsekvenser for Norge som kunnskapsnasjon.

– Det stilles krav til et samfunn som omtaler seg som kunnskapsnasjon. En grunnleggende forutsetning for et slikt samfunn er at kompetanse og fagkunnskap respekteres, beskyttes og etterprøves på faglig grunnlag og ikke overprøves av vilkårlig synsing og løse påstander.

♦ AV ELIN REKDAL MÜLLER

Les mer om havforskning på side 16–23.

– Det kommer nok flere slike saker fordi forskere i stadig større grad skal bidra direkte til å løse samfunnsutfordringer.

INGRID BAY-LARSEN

KAMP OM MIDLERTIDIGHET

Regjeringen ignorerte kompromisset som skulle redusere bruken av midlertidige stillinger i staten, mener Unio og SV.

TJENESTEMANNSSLOVEN

I høst ligger det an til en kamp på Stortinget som kan få konsekvenser for bruken av midlertidige stillinger ved universitetene og høyskolene. Etter at regjeringen har sendt fra seg et første utkast til ny lov om statens ansatte, er arbeidstakerorganisasjonene i harnisk. De fleste forslagene som skulle bidra til å redusere den høye bruken av midlertidige stillinger i staten, er borte, og dermed er et skjørt kompromiss kastet på båten, mener Unio.

– Jeg lurer på om de ikke har skjønnet hva det innebærer å inngå kompromisser, og jeg syns departementet bør tenke over hva det gjør med tilliten mellom hovedsammenslutningene og staten, sier en oppgitt Unio-leder Ragnhild Lied.

– UHELDIG

Før sommeren sendte Kommunal- og moderniseringsdepartementet ut et høringsnotat med et første utkast til den nye loven. Unio kritiserer departementets lovforslag for å gjøre det like lett for statlige arbeidsgivere å ansette midlertidig som i dag, samtidig som stillingsvernet og de ansattes innflytelse over ansettelsesprosessen svekkes. Det er et helt annet resultat enn hva det partssammensatte lovutvalget kom frem til tidligere i år. Utvalget, som skulle foreslå et kompromiss mellom arbeidsgiver- og arbeidstakersiden, la opp til strengere adgang til bruk av midlertidige stillinger. Det er langt på vei ignorert, mener Lied.

– I høringsnotatet følger departementet kun lovutvalget på de forslagene hvor arbeidstakersiden har strukket seg for å finne et kompromiss, mens de bryter med lovutvalgets forslag der arbeidstakerne skulle få noe igjen. Denne fremgangsmåten syns jeg er svært uheldig, sier Lied, som også har støtte hos LO og YS. Hun setter nå sin lit til at regjeringen tar til seg hørings svarene før den sender saken til Stortinget.

– MANGLER RESPEKT

På Stortinget stiller Kirsti Bergstø fra SV seg svært kritisk til regjeringens signaler.

– Det som ligger på bordet fra regjeringen nå, tyder ikke på at problemet med midlertidige stillinger tas på alvor. Det er et stort problem i akademia at folk går i midlertidige stillinger år etter år, sier Bergstø, som mener regjeringen burde ha lært av prosessen med arbeidsmiljøloven.

– Der ble det sagt at vi måtte svekke stillingsvernet for arbeidsfolk generelt for å åpne porten for dem som sto lengst unna arbeidslivet. Nå ser vi resultatet – vi fikk ikke flere i jobb, men flere usikre jobber. Jeg forventer at regjeringen tar lærdom av dette. Hvis ikke må regjeringen



FOTO: MARIUS NYHEIM KRISTOFFERSEN

■ – Tjenestemannsloven må stoppe den midlertidige runddansen mange havner i, sier Kirsti Bergstø.

forsvare hvorfor ansatte ved universiteter og høyskoler, og staten for øvrig, skal leve i større utrygghet.

Bergstø, som sitter i Stortingets arbeids- og sosialkomité, mener regjeringen burde lyttet til lovutvalgets kompromiss, men er samtidig lite overrasket over at kompromisset ble ignorert.

– Dagens regjering har vist liten forståelse og respekt for partssamarbeidet. Nå må de vise at de respekterer fremforhandlede kompromisser. Vi kan ikke systematisk svekke arbeidstakersiden og hoppe bukk over resultatene man har kommet frem til i fellesskap. Det gir dårligere løsninger.

ØNSKER FORTGANG

Venstres representant i arbeids- og sosialkomiteen, Sveinung Rotevatn, vil ikke kommentere selve prosessen, men er enig i at forslaget som er sendt ut på høring, ikke bidrar nok til å redusere bruken av midlertidige stillinger i staten. Han understreker imidlertid at forslaget innebærer en reduksjon i antall år en stilling kan være midlertidig, fra fire til tre år, men kritiserer forslaget for ikke å gå langt nok i å redusere bruken av midlertidige stillinger.

– Jeg er enig i at man dessverre ikke har kommet langt nok i arbeidet med å begrense midlertidige ansettelser. Det har vært en veldig klar bestilling fra Stortinget. Det var også en

forutsetning for oss da vi var med på å gjøre endringer i arbeidsmiljøloven. Vi gikk med på å åpne litt mer for midlertidig tilsetninger i privat sektor under forutsetning av at vi skulle begrense midlertidige stillinger i staten, sier Rotevatn, som venter utålmodig på at regjeringen skal sende over et endelig lovforslag i løpet av høsten.

– Vi gikk i åtte år med rødgrønn regjering og maste om at de måtte stramme inn på midlertidige stillinger i staten. Nå håper jeg at regjeringen sender en sak til Stortinget så fort som mulig, så vi får jobbet med dette.

♦ AV AKSEL KJÆR VIDNES

Dette er saken:

- Regjeringen jobber med ny lov om statens ansatte (nåværende tjenestemannsloven), som regulerer ansettelsesforhold i staten.
- Regjeringen berømmes for at grensen for bruk av midlertidige kontrakter endres fra fire til tre år, men får kritikk for ikke å ville stramme inn på i hvilke tilfeller statlige arbeidsgivere skal få benytte midlertidige stillinger.

MANGLAR FUSJONSALTERNATIV

Regjeringa lar Høgskolen i Østfold stå aleine. Men høgskulane i Volda og Molde må jobbe hardt skal dei klare seg.

FUSJON

– Om ein berre ventar og ser, vil moglege opningar lukke seg, og det har no skjedd for Molde. Departementet har ønskt å overlate mest mogleg av initiativet til institusjonane sjølve for å finne saman. Den beskjedne har vore svært tydeleg, så det skulle ikkje mykje fantasi til å tenkje at her galdt det å kome tidleg i gang, seier statssekretær Bjørn Haugstad.

Saman med Høgskolen i Østfold (HiØ) og Høgskulen i Volda (HiVolda) er Høgskolen i Molde (HiMolde) blant dei få statlege høgskulane som står att aleine etter at fusjonskabalene

for dei nye fusjonane i sektoren snart er lagt. NTNU har sagt nei til Molde, og no vil visst ingen ha dei. Kva vil skje med høgskulane framover?

– Ved HiMolde har styret etter kvart sagt at dei er ukomfortable med å bli ståande aleine. Så dei jobbar fortsatt med å finne ein partner, seier Haugstad.

NØLING I VOLDA OG MOLDE

I Østfold har høgskulen satsa på å stå aleine, og det vil regjeringa gje dei lov til.

– HiØ er større enn HiVolda og HiMolde

til saman, og står sterkare enn dei. Østfold har dessutan heile tida teke denne prosessen ganske alvorleg, og vi har hatt ein god dialog. Høgskulen ønskjer sjølv å styrke seg gjennom samarbeid med andre, blant anna med Karlstads universitet. Så vi har tvilt oss fram til ein konklusjon om at denne løysinga kan fungere ei stund framover, seier Haugstad.

Han seier at høgskulane i Volda og Molde har vore mykje meir nølande i prosessen.

– Kunnskapsdepartementet (KD) har ikkje sendt brev om at desse høgskulane *må* slå seg saman med andre, men at dei må finne plassen sin i det nye landskapet. For Volda er den nye lærarutdanninga den største bøygen. Den nye kvalitetsforskrifta stiller mykje strengare krav for å kunne tilby master- og doktorgrad. Eg er usikker på om Volda vil klare dei nye krava, som er aller viktigast for å kunne fortsetje som eigen høgskule.

– STIKK FRÅ HAUGSTAD

Rektor Johann Roppen ved HiVolda seier det må vere gode grunnar til å gå inn ein kostbar og komplisert fusjonsprosess framfor å fortsetje som sjølvstendig høgskule med ansvar for eiga framtid.

– Det kan sjå ut til at vi har fått ein slags aksept for valet vårt. I etatstyringsbrevet frå KD står det at vi må ta omsyn til strukturendringane som har skjedd elles i sektoren. Ved høgskulen er vi i gang med ein strategiprosess der vi ser framover, og der også plassen i UH-landskapet vil bli diskutert.

Roppen seier høgskulen jobbar hardt for få fram gode masterutdanningar for lærarar til hausten.

– Eg opplever det slik at dei nye krava til femårig lærarutdanning også har vore brukt som ei brekkstong for å tvinge høgskular med lærarutdanning inn i større einingar. Men etter vår eiga vurdering skal vi klare dei nye krava.

Roppen meiner høgskulen har ein tydeleg profil, med lærarutdanning, sosialfag og medie- og kulturutdanning.


– Det er jo dette KD har ønskt seg, at høgskulane skal bli meir fokuserte og profilerte innanfor visse fagområde.

– Ser du fusjonsalternativ for Volda no?

– Nei. Men vi ønskjer å utvikle samarbeidet med Universitetet i Bergen, der vi i løpet av hausten skal få på plass ein formell avtale.

– Det er vel ikkje godt nok for den politiske leiinga?

– Statssekretær Haugstad har stadig kome med nye stikk om at det vi gjer, ikkje er bra nok. Det siste var at vi ikkje har nok internasjonal sampublisering, eit målebarometer som ikkje vart så vektlagt tidlegare.



■ Høgskulen i Sogn og Fjordane (bildet) ville helst vere aleine, men no skal dei fusjonere. Høgskulane i Østfold, Volda og Molde er blant dei som står aleine igjen. (Faksimile fra nr. 6/15)

NY UTGREIING I MOLDE

Rektor Hallgeir Gammelsæter ved HiMolde seier at NTNU har sagt nei til fusjon, og styret har vedteke at det skal gjerast ein ekstern analyse av høgskulen sin posisjon i UH-landskapet.

– Utgreiinga vil først og fremst sjå på utsiktene våre som ein sjølvstendig institusjon i næraste framtid. Nifu har fått oppdraget, fortel han.

HiMolde er også vitskapleg høgskule i logistikk, og delar av logistikkmiljøet har ønskt seg til Noregs handelshøgskole (NHH). Men ifølgje rektor har det ikkje vore noko unisont ønske om fusjon frå dette fagmiljøet.

– Det er først og fremst sjukepleiefaget som vil fusjonere med andre, og då gjerne med NTNU. Men NTNU har fusjonert ut frå teknologifaglege grunnar, ikkje helsefaglege. Dette er ganske komplisert, for sjukepleie er då avhengig av at logistikk vil fusjonere med NTNU, og sjølv sagt at NTNU også vil. I dei andre fagavdelingane, og innanfor vernepleie, er framleis mange skeptiske til fusjon. Det er på bakgrunn av denne skepsisen at styret no går inn for ei ekstern utgreiing.

Gammelsæter har tidlegare ønskt at HiMolde skulle halde fram som sjølvstendig høgskule.

– Eg ser knapt noka fagleg grunngeving for fusjon, men eg må også lytte til andre sine vurderingar.

HAR GJORT JOBBEN SJØLV

Sjølv om fusjonskartet som no teiknar seg, kan sjå litt rotete ut, er ikkje Haugstad einig i at framgangsmåten med «frivillig tvang» har spelt fallitt.

– Men unntak av NTNU er kartet vi har fått, veldig geografisk inspirert. At NTNU gjekk til Ålesund og Gjøvik, er noko vi ikkje hadde funne på i departementet. Det er eit uttrykk for kva som skjer når større og sterkare institusjonar leitar etter faglige grunnar for fusjon. NTNU fekk fart på prosessen, for alle visste at gamle NTNU godt kunne stått aleine, men likevel gjekk dei inn i denne prosessen for å styrke seg fagleg. Dei vart eit eksempel for andre i prosessen.

– Burde ikkje regjeringa hatt ein meir overordna plan for den framtidige strukturen?

– Nei, eg trur ikkje det. Hadde vi sjølve laga kartet, kunne vi vorte ferdige på eit halvår. Det er når institusjonane sjølve må jobbe fram ei samanslåing, at vi får det beste resultatet. Ein ting er å sitje i Oslo og teikne eit kart som ser finare ut, men skal ein få fagleg vinst av slike fusjonar, så må fagmiljøa jobbe seg saman. Nå har institusjonane gjort dette sjølve.

FOTO: AKSEL KJÆR VIDNES



■ – Høgskulane i Volda og Molde kan ikkje berre fortsetje som før, seier statssekretær Bjørn Haugstad.

– KAN VERE ROM FOR NISJAR

Det er ikkje berre Østfold som er stor nok for KD. Også Høgskolen i Hedmark (HiHm) er stor nok til å klare seg på eigen kjø, ifølgje rektor Anna Linnea Ottosen.

– Men det har skjedd svært mykje elles i sektoren, og for oss var Høgskolen i Lillehammer eit naturleg val. Dessutan har vi heile tida hatt ein ambisjon om å bli universitet, og saman med Lillehammer kan vi klare det, seier Ottosen.

– Begge høgskulane jobbar for at det skal bli eit positivt styrevedtak for fusjon på styremøta 28. september.

Haugstad presiserer at dette ikkje berre handlar om å vere stor.

– Då hadde vi ikkje kunna godta at Idretts-høgskolen og Musikkhøgskolen i Oslo fekk fortsetje aleine. Men fordi dei er så konsentrerte innanfor sine fagfelt, er dei likevel sterke og får lov til dette. Eg kan ikkje utelukke at det i eit landskap av store institusjonar vil vere rom for mindre høgskular med spesielle nisjar. Kan Volda vere i stand til å sy saman ei spesiell lærarutdanning og utvikle vidare merkevara innanfor mediefag, vil dei kanskje klare seg greitt.

Men han meiner Volda og Molde framleis har ein jobb å gjere.

– Det kan vere at den jobben ikkje er å finne ein partner, men å finne endringar internt som

FOTO: OLAV STANDAL TANGEN



■ – Eg lurar jo på om Haugstad nokon gong blir nøgd med oss, seier Volda-rektor Johann Roppen.

må til for at dei skal kunne klare seg i eit landskap blant mykje større og sterkare institusjonar. Kva dei endringane kan vere, må dei finne ut sjølve.

♦ AV JOHANNE LANDSVERK

Fusjonskabelen

Høgskular med fusjonsplanar

- Høgskolen i Bergen, Høgskolen Stord/Haugesund og Høgskulen i Sogn og Fjordane blir fusjonerte 1. januar 2017.
- Kunst- og designhøgskolen i Bergen blir fusjonert med Universitetet i Bergen 1. januar 2017.
- Høgskolen i Hedmark og Høgskolen i Lillehammer vurderer fusjon. Dette vert tidlegast frå 1. januar 2017.

Høgskular som står att

Etter alle fusjonane står desse høgskulane førebels aleine:

Vitskaplege høgskular:

- Høgskolen i Molde – vitskapleg høgskole i logistikk
- Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo
- Noregs handelshøgskole
- Noregs idrettshøgskole
- Noregs musikkhøgskole

Statlege høgskular:

- Høgskolen i Østfold
- Høgskulen i Volda
- Kunsthøgskolen i Oslo
- Samisk høgskole

– Statssekretær Haugstad har stadig kome med nye stikk om at det vi gjer, ikkje er bra nok.

JOHANN ROPPEN

Semesterstart-draumar

Ferien er over, passordet til datasystemet på jobb er gløymt og erstatta med eit nytt, og eit blankt dokument ligg ope på skjermen. Det er no det skal skje. Det har lege til gjæring i bakhovudet heile sommaren. Det er no den Store Artikkelen endeleg skal sjå dagens lys, den som har skimra som ei luftspegling i horisonten så lenge eg kan hugse, den som skal bølge att og fram i dei nasjonale debattspaltene og føre til at hovud må rulle og lover skrivast på nytt.

– Hadde dette vore noko, eller? spør eg redaktøren første dag på jobb.

Han er interessert. Eg gnir meg i hendene og brettar opp erma.

Så ringjer eg den største nasjonale ekspertten på feltet, med ei lang liste djupe spørsmål i det opne dokumentet på skjermen.

Eksperten er vekkrest. Dei trur han kanskje er på ferie. Eller om det var ein konferanse? Eg kan kanskje prøve mobilnummeret hans?

Eg prøver mobilen. Det blir ikkje oppnådd kontakt med abonnenten.

Men! Eg har jo den hundreogtjuesiders rapporten ekspertten har skrive i lag med eit stjernelag av internasjonale kollegaer. Eg saksar nokre konklusjonar derifrå og ringjer ein av fotfolket, som står midt oppe i dette i kvardagen sin.

– Kor frykteleg er situasjonen ved arbeidsplassen din? spør eg.

– Nei, det går no stort sett greitt, seier ho.

– Fører ikkje dette til kjempeproblem for deg og kollegaene dine?

– Du veit. Vi har alle vårt å slite med, seier ho.

Eg stirer nokre minutt på det opne dokumentet, som no er om lag like lesarvenleg som ein gjennomsnittleg programvarelisens.

Så ringjer eg statsråden. Det vil seie, eg sender ein e-post til pressekontoret hans. – Korleis kan statsråden forsvare at slikt skjer? spør eg. – I 2016, i verdas rikaste land?

Dei skal sjå om dei kan få nokon til å svare innan ei veke. Eg blar i kalenderen. Daudlinja, som var så langt unna, har no på uforklarleg vis rykt altfor nær.

Statsråden er oppteken, men statssekretæren sender eit svar filtrert gjennom pressekontakten.

– For det første er vi veldig opptekne av, skriv ho. – Fokus på kvalitet, skriv ho vidare. Og så noko med robust.

Redaktøren spør om eg har eit minutt.

– Eg har kika litt i mappa, og for meg ser det ut som om du prøver å lage ein sekssiders artikkel der alle bileta viser folk som sit på til forveksling like kontor, seier han. – Kan du vere så snill å seie at du har ein betre plan?

Eg går inn att på kontoret og komprimerer det opne dokumentet til ein halvsides artikkel under tittelen «Fokus på kvalitet, seier statssekretær», illustrert med eit einsleg foto av ein person på eit kontor.

Skal ein realisere dei store draumane, dei som skal få hovud til å rulle og lover til å måtte skrivast på nytt, er januar uansett eit mykje betre tidspunkt.

♦ AV KJERSTIN GJENGEDAL

EU KREV DATADELING

Forskningsdata frå Horisont 2020-prosjekt skal delast fritt.

Krav til datadeling er på veg til Noreg òg.

HORISONT 2020

I Noreg tilrår Forskningsrådet å dele data, men mange er usikre på korleis ein gjer det. – Det heng på praksis og erfaring. Vi får ein del spørsmål frå forskarar som lurar på kva dei skal gjere, seier seniorrådgjevar Marte Qvenild i Forskningsrådet.

OPNAR FOR UNNTAK

Fram til no har datadeling vore standard innanfor utvalde område i Horisont 2020, som eit pilotprosjekt. Då EU-kommisjonen i sommar oppdaterte utlysningane i det inneverande arbeidsprogrammet, vart pilotprosjektet utvida til å gjelde heile Horisont 2020. Det vil likevel vere høve til å reservere seg mot å dele forskningsdata, til dømes dersom deling kjem i konflikt med etiske eller økonomiske omsyn.

I tråd med utviklinga internasjonalt har Forskningsrådet sidan 2014 tilrådd deling av data som er skaffa gjennom prosjekta dei finansierer. For tida jobbar ein med å finne gode praktiske løysingar.

– Den enklaste staden å byrje for forskarane, er å lage ein datahandteringsplan i samband med prosjektutforminga. Det vil hjelpe dei til å tenkje på datahandtering heilt frå starten av, anten ein endar med å dele dei eller ikkje, seier Qvenild.

TRENG PLAN

Også retningslinene for Horisont 2020 legg vekt på datahandteringsplanar. Forskarar som får støtte, må gjere greie for korleis innsamlinga av data vil gå føre seg, kva metodar dei vil bruke, korleis datasetta vil bli merkte og lagra, og om dei vil bli gjorde tilgjengelege for andre.

Forskningsrådet meiner at for at datadeling skal bli ein innarbeidd praksis, må institusjonane hjelpe forskarane med praktisk tilrettelegging i overgangsfasen.


– Også fleire og fleire tidsskrift krev at forskarane gjer rådata tilgjengelege i samband med publisering av resultata. Dette er i ferd med å kome på alle fagfelt, seier Qvenild.

Både datadeling og open tilgang til forskningsartiklar er ledd i kommisjonen sitt arbeid med det ein kallar «open science». I Horisont 2020 har det heile tida vore eit krav at forskningsartiklar skal publiserast med open tilgang. No kjem altså datadeling etter.

I Noreg presenterte eit utval ei rekkje framlegg til nasjonale retningslinjer for open tilgang til forskningsartiklar på forsommaren. Framlegget er no ute på høyring med frist 1. november.

♦ AV KJERSTIN GJENGEDAL

FOTO: FLICKR/CC



■ Både datadeling og open tilgang til forskningsartiklar er ledd i EU-kommisjonen sitt arbeid med det ein kallar «open science».

DEN VITSKAPLEGE BØYGEN

Mange museumstilsette skriv artiklar. Men å skrive vitskapleg sit langt inne.

MUSEUMSFORSKING

– I ein hektisk kvardag med lite tid til å forske, vil dei fleste konsentrere seg om empirien når dei skal skrive ein artikkel, og ikkje kaste bort tida på å leite etter teori og metode, seier Kathrin Pabst, leiar for fagseksjonen ved Vest-Agder-museet.

I ein kronikk i dette nummeret av Forsterforum skriv Pabst at det i ein krevjande museumskvardag ikkje er lett å halde kunnskapen om teori og metodebruk frå studietida ved like: «Flere vil derfor måtte bruke mange krefter og mye ekstra tid til å jobbe med dette i tillegg til selve innholdet, og det er gjerne her motivasjonen svikter.» Pabst har sjølv doktorgrad, og ivrar for meir forskning i musea.

– Her ved Vest-Agder-museet legg vi til rette for at dei som ikkje har NMF-godkjenning frå Norges museumsforbund, skal få produsert dei vitskaplege artiklane dei treng for å søkje om autorisasjon.

– MÅ BRUKE ARBEIDSTIDA

Thorunn Lunde har jobba i mange år som konservator ved Vest-Agder-museet.

– Eg har produsert ein del artiklar som er laga for å formidle stoff til det allmenne publikummet, og eg har jobba mykje med utstillingstekstar. Men ein kan jo ikkje måle kvaliteten på desse tekstane, der eg ikkje har teke i bruk teori, seier Lunde.

Ho er motivert for å skrive vitskapeleg, og har lyst til å få NMF-godkjenning. Men berre dersom arbeidsgjevaren legg forholda til rette.

– Eg må kunne klare det innanfor arbeidstida. Tradisjonelt har det ved mange museum vore sett på som ein ukultur å stenge døra for å fordjupe seg i forskning. Det er noko ein må gjere i fritida. Men arbeidstida strekkjer ikkje til, og då er det viktig at arbeidsgjevaren viser forståing. Når eg skal begynne å skrive for å publisere vitskapleg, må eg leggje ned ein stor arbeidsinnsats for å friske opp teori og metode, og sjølv skriveprosessen kan òg vere krevjande.

SVÆRT HØG TERSKEL

Ingun Aastebøl er konservator NMF ved Kongsvinger museum, ei avdeling ved Anno museum i Hedmark.

– Eg har alltid hatt lyst til å forske, men terskelen ein skal over, er svært høg. Etter 25 år som museumstilsett har eg skrive mange populærvitskaplege artiklar, men eg har ikkje vore van med å jobbe med teori, seier Aastebøl.

Det var først då Anno museum sette i gang skrivekurs at ho kom i gang med å skrive vitskapleg.

– Skrivekurset var ope for alle, og vi kunne velje emne sjølv. Det trur eg var heilt nødvendig for å kome i gang.

Men Aastebøl oppdaga raskt at i den hek-



FOTO: AMUND HESTVEEN

■ – Musea må legge til rette for at tilsette skal få tid til å skrive vitskaplege artiklar, meiner Kathrin Pabst.

tiske kvardagen vart det ikkje tid til å forske.

– Når det kom til stykket, let det seg ikkje gjere, endå eg hadde ein sjef som var svært velvillig. Det er litt absurd, men eg kom først skikkeleg i gang med skrivinga då eg vart sjukmeldt og gjekk heime ei veke. Då var det ingen som forstyrra meg.

– EIN STOR OPPTUR

Anno museum har i dag forskingskoordinator og eit eige forskingsråd.

– Det er viktig å ha nokon som kan lese og kommentere tekstane. For meg var dette heilt avgjerande for å kome i mål med artiklane, seier Aastebøl. Ho har blant anna produsert ein vitskapleg tekst i den første fagfelleurderte publikasjonen til Anno museum. No er ho i gang med to nye skriveprosjekt saman med ein kollega.

– Det ligg ein del motstand i å jobbe med teori. Ein må strekke seg. Men for meg har det vore ein stor opptur. Det kan vere ein stor bøyg i starten, men no synest eg artikkelskriving er så interessant at eg lurar på kvifor eg ikkje har gjort dette før!

Ho trur mange museumstilsette har så

mykje samvit overfor alle plikter i kvardagen at det å forske, blir sett på som ein egotripp.

– Men skal ein få anerkjent at forskning er like viktig som andre oppgåver, blir ein nøydd til å bruke tid i arbeidstida. Forsking må bli like viktig som å halde bygningane i stand. Og det har ein smitteeffekt at nokon faktisk klarar det.

– MÅ DISKUTERE NIVÅ

Pabst stiller spørsmål ved om alle museums-tekstar skal vere på eit like høgt nivå. Ho skriv: «Vi har jo også utvilsomt et ansvar overfor vårt publikum og for å skrive for allmennheten, i større grad enn andre forskningsinstitusjoner.»

– Som fagperson meiner eg at vi skal stille same høge krav til museumsforskarar som andre forskarar i sektoren. Men musea er fulle av viktig at kunnskap som bør bli formidla, så eg stiller spørsmål ved om vi bør revurdere standardane med dei to nivåa i teljekantsystemet. Kanskje vi burde ha fått eitt nivå til.

♦ AV JOHANNE LANDSVERK

Sjå kronikken til Kathrin Pabst på side 38.

Forsking må bli like viktig som å halde bygningane i stand.

INGUN AASTEBØL



FOTO: KJERSTIN GJENGEDAL

■ – I Brussel kan du snakke med heile Europa berre ved å krysse gata, seier Massimo Busuoli.

– «UNORSK», MEN NØDVENDIG

For å få uttelling i EU-prosjekt trengst nettverk og lobbyering. Nye arbeidsmetodar set forskarane på prøve.

EU-FORSKING

For eitt år sidan opna NTNU, Universitetet i Bergen og Sintef kvar sine kontor i same bygget i EU-hovudstaden Brussel. Målet for institusjonane er å få meir ut av deltakinga i EUs rammeprogram for forskning, Horisont 2020.

– Ved å vere til stades i Brussel får du ei stemme. Du kan påverke EU-kommisjonens strategiar og vere med på å avgjere kvar pengane skal gå. Då er du halvveges til gjennomslag når du seinare søker på midlane, sa leiaren av NTNUs Brussel-kontor, italienaren Massimo Busuoli, då Forskerforum vitja kontoret i sommar.

KJENNSKAP OG VENSKAP

Busuoli har vore på plass på kontoret sidan januar i år, og er godt i gang med å kople NT-

NU-fagmiljø med passande partnerar i Europa. Ein av dei som har hatt nytte av kontoret, er Kay Gastinger. Han leier NTNU si strategiske satsing på nanovitskap og funksjonelle materialar, og også den nasjonale infrastrukturen for mikro- og nanofabrikasjon, NorFab.

– Gjennom NorFab har vi bygd opp eit nordisk nettverk for nanoteknologi som vi vil utvide mot Europa, både for å få inn meir kompetanse og for å jobbe mot Horisont 2020. Det har vi fått god hjelp med. Vi har til dømes arrangert konsortiemøte på Brussel-kontoret og fått hjelp til å finne foredragshaldarar, og Busuoli har hjulpet til med å gjere oss kjende med det europeiske strategiforumet for forskingsinfrastruktur, som han kan mykje om, seier Gastinger.

Å kjenne nokon som kjenner nokon, er heilt

sentralt for å få ein fot innanfor i EUs forskingsystem, fortel Gastinger.

– Ein kan lese seg til mykje, men ikkje korleis dei ulike menneska er. Tidspunktet er også viktig. Kven skal ein kontakte i den tidlege fasen, og kven kontaktar ein når ein har konseptet klart? Busuoli kjenner alle i Brussel og veit korleis systemet fungerer.

GOD SØKNAD IKKJE NOK

Brussel-kontoret er viktig fordi EU-forskning medfører at forskarane må ty til andre arbeidsmetodar enn dei er vande med i Noreg. Det hevdar Jostein Mårdalen, leiar for Institutt for materialteknologi ved NTNU.

– Mitt institutt har gode føresetnader for å vere aktiv i EU-forskning, og har vore det lenge. Men det er krevjande fordi det er ein annan

måte å jobbe på, seier han.

Norske forskarar er godt kjende med verke-middelapparatet i Noreg. Ein sender søknader baserte på gitte kriterium, og får tilslag eller avslag.

– I EU er nettverksbygging, det å vere kjent, og å finne og søke i lag med dei rette partnarane, på sett og vis viktigare. I Noreg tek vi for gitt at alle veit kven NTNU er. Det kan vi ikkje gå ut ifrå i EU.

Mårdalen trur at den sterke vekta på nettverksbygging kan opplevast som litt unorsk.

– Norske forskarar har gjerne lyst til å skrive ein knakande god søknad som skal få tilslag etter ein objektiv evalueringsprosess. Men i EU er den evalueringa så kompleks, og objektiviteten så vanskeleg å få til, at nettverksbygging uunnngåeleg vil vere viktig. Difor lyt vi drive litt vaksenopplæring på oss sjølve og måten vi jobbar på. Der er bidraget frå brusselkontoret uvurderleg, seier han.

NTNU har allereie lenge vore involvert i EU-forsking og ligg på ingen måte bakpå når det gjeld å få midlar. Mårdalen trur likevel at det er i EU hovudpotensialet for forskingsmidlar no ligg. Ein kan ikkje rekne med ein dramatisk auke i forskingsmidlar som kjem gjennom Forskringsrådet eller norsk industri. Med det som utgangspunkt er det viktig å lære seg spelereglane som gjeld i EU-forsking, meiner han.

TRENG INDUSTRIPARTNERAR

Til Forskerforum seier Busuoli at ei av dei viktigaste oppgåvene hans er å hjelpe forskarane til å finne si rolle på vegner av institusjonen, og ikkje berre sjå seg sjølve som representantar for sitt eige fag.

– Ingen kan ha fullt kjennskap til dei tverrfaglege vurderingane som ligg bakom initiativa som kjem frå EU. Dersom ein vil delta, er ein heilt nøydd til å snakke med folk frå andre institusjonar og fagfelt, seier han.

Det stemmer med erfaringane til Kay Gastinger ved NTNU NanoLab. Ei stor utfordring er at dei fleste programma i EU er bruksretta, og det er ein føresetnad at kommersialisering skal skje så tidleg som råd.

– Det vil seie at det, med nokre viktige unntak, er vanskeleg å byggje EU-prosjekt berre på grunnforsking. Ein må ha industripartnerar, og då blir det fort tverrfagleg. Nettverket til professorar kan vere nokså smalt, dei går på konferansar innanfor sitt eige forskingstema og møter folk der. Til eit EU-prosjekt treng du ein mykje breiare portefølje av partnerar. Å finne dei er ei kjempeutfordring, seier han.

SPARER REISING

Som andre aktørar i UH-sektoren har NTNU lokal forskingsstøtte som gjev råd og hjelp med EU-søknader. EU-rådgjevarane får tilgang til utlysingane og spelar ei viktig rolle

– I Noreg tek vi for gitt at alle veit kven NTNU er. Det kan vi ikkje gå ut ifrå i EU.

JOSTEIN MÅRDALEN

i arbeidet med å sjekke kva fagmiljø dei kan passe for, og stimulere dei til å søke. Kvifor er det likevel nødvendig å ha ein filial i Brussel?

– I Europa skjer det så mykje, det er heile tida nye konsortium under oppsegling, og det er stadige møte mellom teknologiplattformer, industriaktørar og politikarar. Ein person i Brussel kan delta på fleire slike møte i veka og sende innspel til Trondheim, eller hjelpe med å finne ut kva for møte det er lurt for forskarane å vere med på. Det kan spare store kostnader og mykje reising, seier Gastinger.

MENNESKA VIKTIGAST

Massimo Busuoli, som sjølv har lang erfaring frå EU-prosjekt, meiner at det ikkje er pengane som er den viktigaste grunnen for norske forskarar når det gjeld å delta i EU-forsking. Andre aspekt er minst like viktige.

– Ein får kjennskap til andre kulturar, lærer andre måtar å gjere ting på. Det gjev karrieremessig

sjølvtryggleik. Eg var 27 år første gong eg koordinerte eit EU-prosjekt og oppdaga at eg kunne levere på nivå med dei beste i Europa. Det hadde enormt mykje å seie for meg.

Gastinger er samd i det. Fordi nålauget til EU-forsking er så trongt, samarbeider ein med dei aller beste, fortel han.

– Eg har vore koordinator på EU-prosjekt, og det beste ved det, er å få arbeide saman med så flinke folk som jobbar med litt andre ting enn ein sjølv gjer. Det inneber konstant problem-løysing og møte med andre synsmåtar. Det er i skjeringspunktta mellom fagfelta at dei store nyvinningane skjer i dag, etter mi meining.

BRYT NED BARRIERAR

Jostein Mårdalen går ikkje med på at forskingsmidlar er uviktige, men det er ikkje det einaste som betyr noko. Han peikar på at ein ikkje kan realisere ein visjon som «Kunnskap for ei betre verd», som er namnet på NTNU sin strategi, dersom ein berre sit heime og forskar på egne spesialitetar.

– Då må ein ut og konkurrere på dei internasjonale arenaene. Men det føreset at ein greier å lage EU-prosjekt der det å samarbeide, faktisk er viktig. Det er ikkje nok å lage ein papraply der alle leverer delprosjekt uavhengig av kvarandre. Ein må løfte samarbeidet, slik at ein gjer kvarandre betre. Det gjer det utfordrande å koordinere slike forskingsprosjekt.

Mårdalen er overtydd om at å jobbe i lag kring ein felles tematikk, kan bryte ned mentale barrierar og ruske opp i gamle vanar.

– Difor er målet om meir EU-forsking også ein viktig del av NTNU sin internasjonaliseringstrategi, seier han.

♦ AV KJERSTIN GJENGEDAL



– Å finne partnerar er ei kjempeutfordring, seier Kay Gastinger.



FOTO: ANNE ELISABETH NESS

■ Regjeringa vil at to prosent av konkurranseutsette midlar i Horisont 2020 skal gå til norske aktørar.

– KAN IKKE DRA TILBAKE

Det vil komme en bølge med akademiske flyktninger, sier tyrkisk forsker. Henvendelser har allerede begynt å komme til norske universiteter.

TYRKIA

– Jeg kjenner mange som flytter fordi de ikke kan forske i dette landet lenger. Hele academia blir omstrukturert, og ingen akademikere tør å si hva de tenker om det. De er redde for at de vil forsvinne eller bli tiltalt. Alt anses som forræderi. Hele landet går ad undas, og akademikerne går samme vei.

Dr. Caghan Kizil ved Det tekniske universitetet i Dresden er tyrkisk, men har bodd i Tyskland siden studiedagene. Han beskriver seg selv som aktivist og har skrevet om situasjonen i Tyrkia i flere internasjonale tidsskrift. Nå har han kontakt med mange kolleger i Tyrkia som er bekymret for sine karrierer og liv i tiden etter kuppforsøket 15. juli.

– De er veldig redde og motløse. De tror at academia er over. Irreversible ting blir gjort med universitetene, og mange sitter nå bare og venter på at det skal bli deres tur til å bli tiltalt. Og jeg vet at de ikke har noe med kuppforsøket å gjøre. De er, som meg, motstandere av militær inngripen, sier Kizil.

TRENGER INTERNASJONAL STØTTE

Kuppforsøket ble arrangert av en fraksjon i militæret som antas å støtte Gülen-bevegelsen, som tidligere samarbeidet med president Erdogans parti AKP. Siden da har 15 universiteter blitt stengt. Ifølge NRK skal 60 000 offentlig ansatte enten være arrestert, oppsagt eller under etterforskning. Flere tusen universitetsansatte er blant dem.

Kizil mener Tyrkia over tid har blitt langt



FOTO: PRIVAT

■ – Det er ingen ytringsfrihet, det er ingen tankefrihet. Du kan ikke drive med ekte forskning i et sånt land, sier Caghan Kizil.

mer ufritt siden han flyttet til Tyskland for 14 år siden, men at situasjonen har blitt ekstrem etter kuppforsøket. Det internasjonale forskningsmiljøet, menneskerettighetsorganisasjoner og nasjonale myndigheter må nå bistå tyrkiske akademikere på flukt og legge press på tyrkiske myndigheter, mener han.

– Nå trenger vi finansiering for å hjelpe disse akademikene i Tyrkia inntil situasjonen kommer tilbake til det normale. Det eneste håpet disse menneskene har, er at deres situ-

asjon blir gjort kjent, at internasjonale medier rapporterer synspunktene til dem som blir undertrykket.

VIL ÅPNE DØRENE

I juli skrev ni norske universitets- og høyskolerektorer et åpent brev til statsminister Erna Solberg hvor de oppfordrer henne til å ta kontakt med tyrkiske myndigheter og fordømme angrepet på den akademiske friheten. Rektor ved Universitetet i Oslo Ole Petter Ottersen sier til Forskerforum at tilbakemeldingene han har fått fra tyrkiske kolleger, er at slikt press hjelper. Han ønsker også å tilby hjelp til tyrkiske akademikere.

– Vi har allerede fått henvendelser fra tyrkiske akademikere som ønsker å komme hit og forske og undervise her fordi de ikke kan reise tilbake til hjemlandet. Vi vet at det vil komme flere slike henvendelser i tiden fremover, og vi vil gjøre det vi kan for å imøtekomme så mange av disse henvendelsene som mulig, sier Ottersen.

NASJONAL DUGNAD

Ottersen vil nå ta initiativ til å utvide ordningene gjennom Scholars at Risk (SAR) og Students at Risk for å ta imot flere tyrkiske akademikere på flukt ved norske institusjoner.

– UiO vil ta opp med norske myndigheter om vi kan utvide disse programmene og ta opp flere forfulgte akademikere. Her må vi tenke nasjonalt. Det er grenser for hvor mye én institusjon kan stille opp med alene, så jeg håper vi kan få til en nasjonal mobilisering, sier Ottersen.

– Det er et godt initiativ, sier koordinator for SAR Norge, Ragnhild Øien Guldvog. – Norske universiteter og høyskoler bør fortsette å øve politisk press og fokusere på situasjonen i Tyrkia. Jeg vil henstille institusjonene om å vurdere å ta imot tyrkiske forskere, sier hun.

I Dresden forteller også Caghan Kizil om et økende antall henvendelser fra desperate tyrkiske akademikere som ber om hjelp til å finne arbeid og studieplass i Tyskland.

– Det kommer til å komme en stor bølge av akademiske flyktninger, sier Kizil, som daglig mottar e-poster fra kollegaer og studenter som spør om stillinger. Mange av dem var på ferie eller arbeidsopphold utenfor Tyrkia da kuppforsøket skjedde. Nå tør de ikke å dra tilbake.

– Det er veldig risikabelt, sier han og legger til:

– Jeg vil heller ikke dra tilbake. Jeg er ikke i linje med regjeringens agenda. Jeg kan ikke dra tilbake.



ILLUSTRASJONSFOTO: AKSEL KJÆR VIDNES

■ – Vi vil gjøre det vi kan for å imøtekomme henvendelser fra tyrkiske forskere, sier rektor ved Universitetet i Oslo.

♦ AV AKSEL KJÆR VIDNES



**Bestill uten
helseerklæring
i perioden
5. sept. – 5-okt.**

Unngå helsekøene med behandlingsforsikring

Med en behandlingsforsikring får du hjelp når du trenger det. Du unngår helsekøene, og får rask hjelp gjennom private sykehus og behandlere.

Kjøper du behandlingsforsikring i perioden **5. september – 5. oktober**, trenger du ikke levere helseerklæring. Pris på forsikringen er fra 1.350 kr i året.

Bestill ved å ringe forsikringskontoret på 21 02 34 30 eller skriv til forsikring@forskerforbundet.no.

Du kan også lese mer om behandlingsforsikring på forskerforbundet.no/forsikring

- Dette får du med
behandlingsforsikring:**
- Undersøkelser, røntgen, scanning, tester m.v.
 - Legespesialistbehandling
 - Operasjoner, dagkirurgi, innleggelser
 - Gjenopptrening etter operasjon
 - Rus- og spilleavvenning
 - Fysisk behandling hos autorisert fysioterapeut, manuellterapeut, kiropraktor, naprapat, klassisk akupunktur
 - Psykologbehandling

**FORSKER
FORBUNDET**

INNVANDRING

HØYT UTDANNEDE SKAL FÅ JOBB

En ny mentorordning skal hjelpe høyt utdannende innvandrere som sliter med å få relevant arbeid. Mentoren skal fungere som en døråpner, og dele nettverk og gi råd om norsk arbeidsliv. Deltagerne må ha høyere utdanning som er godkjent av NOKUT. – Du må dessuten ha gode norskkunnskaper og være motivert for å komme ut i arbeidslivet, sier prosjektkoordinator Paloma Leon til Dagsavisen. Det er organisasjonen Likestilling, Inkludering og Nettverk (LIN) som står bak tiltaket.

HELSESEKTOR

Oppfordrer til doktorgrad

■ I år fordeler Norsk sykepleierforbund for første gang sine forskningsmillioner mer strategisk til utvalgte tema. Målet er blant annet å stimulere flere sykepleiere til å ta doktorgrad. – Forskning skal være fri, men det er et poeng at man vektlegger forskning på områder der det er særskilt behov for kunnskap, sier direktør for Nasjonalt kunnskapssenter for helsetjenesten Magne Nylenna til Sykepleien. De strategiske forskningsmidlene fra forbundet er i år økt fra tre til vel fem millioner kroner.

FOTO: FLICKR/CC



PUBLISERING

Mer åpenhet om tellekanter

■ Et nytt nettsted skal legge forholdene bedre til rette for informasjon, kommunikasjon, større åpenhet og mer transparens knyttet til arbeidet med publiseringsindikatoren. Etableringen av nettstedet kommer etter at en rapport har påpekt flere utfordringer rundt organiseringen av arbeidet i Det nasjonale publiseringsutvalget, blant annet hvordan nomineringsprosessen av tidsskrift gjennomføres i de ulike fagorganene, og hvordan informasjon om indikatoren gjøres tilgjengelig. Les mer på npi.nsd.no.

FOTO: FLICKR/CARLOS BRANT



UNIVERSITET

UiO best i Norge

■ Universitetet i Oslo (UiO) er på 67. plass på lista over verdens beste universiteter. Det viser årets Shanghai-rangering, opplyser Uniforum. UiO faller ned ni plasser i forhold til fjorårets plassering. NTNU befinner seg et sted i gruppen mellom de 101. og 150. beste universitetene i verden, mens Universitetet i Bergen plasserer seg mellom de 201. og 300. beste institusjonene. Universitetsrangeringen har målt 1200 universiteter verden over, og Harvard-universitetet tar ikke overraskende førsteplassen.

FORSKNINGSMIDLER

Skal evaluere tildelinger

■ Kunnskapsdepartementet har satt ned en ekspertgruppe som skal gjennomgå systemet for tildeling av forskningsmidler fra Norges forskningsråd. Hovedmålet med gjennomgangen er å øke kvaliteten i forskningen og redusere administrasjonskostnadene, opplyser departementet. Gruppen skal ledes av Siri Hatlen, leder i Teknologirådet, og blant medlemmene er professorene Kari Melby fra NTNU og Erik Arnold fra Technopolis-gruppen. Rapporten fra ekspertgruppen skal være ferdig i februar 2017.



UTDANNING

Landbruksfag i vinden

■ Det er 20 prosent flere som har landbruksfag som sitt førstevalg i år enn i 2015. – Dette er gledelige tall som viser at ungdommen tror på en framtid i landbruket. Konkurransen om studieplassene bidrar til godt motiverte studenter og vil gi studiene mer prestisje, sier landbruksminister Jon Georg Dale. Tall fra Samordna opptak viser en økning fra 385 til 461 søkere med et landbruksrelatert fag som førstevalg. Rekorden har studiet økologisk landbruk ved Høgskolen i Hedmark, med 110 førstevalgssøkere.



FOTO: JOHANNE LANDSVER

– Jeg tror det var veldig lurt av ledelsen å gå inn for en egen forskningsseksjon, sier Lars Christian Jenssen.

ARKIV

ENIGHET OM ARKIVVERKET

Etter nye forhandlinger ble det enighet om en ny organisering av Arkivverket, som i dag består av Riksarkivet, åtte statsarkiv, Samisk arkiv og Norsk helsearkiv. Blant annet opprettes en egen forskningsseksjon. Tidligere har forskningen vært dårlig koordinert. – Jeg er derfor svært glad for at vi endelig skal få en egen seksjon for forskning, som vil få ansvar for både den historierettede og den arkivrettede forskningen, sier Lars Christian Jenssen i Arkivverkets forskningsutvalg til Forskerforum.no.

HØGSKOLE

Kjent styreleder i vest

■ Høgskolestyret i Sogn og Fjordane vil ha avtroppende direktør Arvid Hallén i Norges forskingsråd som styreleder for den nye Høgskolen på Vestlandet, opplyser NRK. Den nye høgskolen blir en realitet i 2017. Avgjørelsen ble tatt bak lukkede dører like etter at styret vedtok å gå inn for fusjon. Nominasjonen skjedde uten innvendinger, og ifølge NRK skal Hallén være klarert som styreleder kandidat også hos de to andre fusjonspartnerne, høgskolene i Bergen og Stord/Haugesund.



NÆRINGS LIV

Populær Skattefunn

■ Langt flere foretak søkte om skattefradrag for kostnader til forskning og utvikling (FoU) for 2014 og 2015 enn tidligere. Det er likevel få foretak som utnytter de økte rammene for maksimalt fradrag i Skattefunnordningen, og de fleste søkerne er fortsatt små foretak, opplyser Statistisk sentralbyrå. I 2014 utførte norsk næringsliv FoU for 24,8 milliarder kroner, en økning på 10 prosent fra 2013. Foretakene finansierer i stor grad FoU-aktiviteten med egne midler som dekker vel 75 prosent.

INSTITUTTSEKTOR

– Uakseptabel detaljstyring

■ Tidligere direktør Alvild Hedstein i Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) sluttet fordi hun følte seg overkjørt av både styreleder Victor D. Normann og landbruksminister Jon Georg Dale. – Landbruksdepartementet driver en uakseptabel detaljstyring av forskningsinstitusjonen. For meg var begeret fullt da styrelederen snudde og presset gjennom vedtak om å avvikle forskningsaktiviteten på Kvithamar og å bygge opp i Steinkjer uten noen forbehold, og uten den økonomiske inndekning han selv hadde bedt om, sier Hedstein til Klassekampen.

Ei sild og ei til

Ein sildestrid rasar mellom fiskarar og forskarar.
Milliardar av kroner og truverdet til havforskinga står på spel.

AV PER ANDERS TØDAL





Den norske vårgytande silda er som regel den største fiskebestanden i Nord-Atlanteren, og tel milliardar av individ. På sommaren jagar sildestimane rundt i Norskehavet på jakt etter raudåte, krill og anna føde. (Foto: Scanpix)

Kor mykje sild er det i havet? Sanninga er her ute, men ho er vanskeleg å finne. Vi er i ope hav, kring 300 kilometer utanfor Midt-Noreg, på det årlege Økosystemtoktet til Havforskningsinstituttet (HI). Ein helsesjekk for Norskehavet, frå Stad i søraust til Island i vest og Svalbard i nord. Forskarane måler temperatur og saltinnhald og tek planktonprøver med håv, men mest handlar det om fisk. Korleis står det til med silda, makrellen og kolmulen, dei tre viktigaste fiskeartane i Norskehavet? Og korleis er framtidsutsiktene? Havforskarar har streva med desse spørsmåla i over hundre år. Johan Hjort, den store havforskararen som har lånt namnet sitt til skipet vi er på, prøvde å forstå svingingane i sildebestanden tidleg på 1900-talet. Enno er ikkje gåta løyst.

– Vi har ikkje kome så veldig mykje lenger sidan Johan Hjort si tid når det gjeld å føreseie tilveksten i fiskebestandane, seier toktleiar Are Salthaug.

– Vi har betre oseanografiske modellar, vi har fått mykje datakraft og langt meir empiri. Men biologien er meir kompleks enn modellane klarer å fange inn.

Krympande stamme

Sjølv det å måle fiskebestandar i *notid* er vanskeleg nok. For tida stridest forskarar og fiskarar om bestanden av norsk vårgytande sild (kalla NVG-sild, sjå eiga ramme). Denne sildestammen lever det meste av livet sitt i Norskehavet, og er særst vanskeleg å måle. NVG-silda kan gyte frå Troms til Lindesnes, ho kan spreie seg utover heile havet og klumpe seg saman i fjordane, og ho kan brått endre vandringsmønster. Og Norskehavet er over tre gonger større enn det norske fastlandet.

Dette er i gode år den største sildestammen i verda og den største fiskebestanden nord i Atlanterhavet. Men rekrutteringa har lenge vore svak. I 2009 anslo forskarane ved HI at gytebestanden var kring 13 millionar tonn, no meiner dei at bestanden er nede i fire millionar tonn.

Men sildefiskarane meiner at det er langt meir sild i havet, og at kvotane burde aukast. Usemja har ført til den mest alvorlege konflikten mellom fiskarar og havforskarar i Noreg på mange år. Den kjem vi attende til.

Eg er på havet for å sjå korleis forskarane måler sildebestanden. Det er første veka av det

– Forskarane må basere seg på systematiske undersøkingar og empiri. Men mange av argumenta vi blir møtte med, er ikkje baserte på vitskap.

ARE SALTHAUG, TOKTLEIAR, HAVFORSKNINGSINSTITUTTET

40 dagar lange toktet til «Johan Hjort», ei reise på nesten 5000 kilometer i mai og juni, att og fram over Norskehavet langs ei fast rute. Også forskingsfarty frå Russland, Island, Færøyane og Danmark har ansvar for delar av havet. Alle fartya registrerer fisken på strekningane sine ved hjelp av ekkolodd. Dette er eit viktig grunnlag for bestandsestimata for NVG-silda, saman med gytetokt på vinteren og fangstdata frå fiskeria.



I sildestriden mellom forskarar og fiskarar er det to kulturar som kolliderer, meiner toktleiar Are Salthaug.
(Foto: Per Anders Todal)

Å lese ei sild

Både eg og sjøfuglane følgjer spent med når vinsjen halar trålposen opp på dekket akterut på «Johan Hjort». På desse tokta skal ein helst gjere fire–fem trålhal i døgnet, for å sjekke kva fiskeslag ekkoloddet har fanga opp. Dette vesle prøvehalet inneheld kring 300 kilo fisk, halvt om halvt med sild og makrell, og ein og annan kolmule. Ein del av fangsten blir tømt gjennom ei sluse og ned i laboratoriet, der fire teknikarar sorterar han for å finne artsfordelinga. Nokre eksemplar blir plukka ut for vidare undersøkingar. Kvar fisk ber på informasjon om tilstanden til bestanden, forklarar fiskeribiolog Jaime Alvarez.

– Vi ser på lengda og vekt – er kondisjonen bra? Kor mykje feitt er det i muskelen? Er det nok mat til fisken? Informasjonen kan vi halde opp mot resultatata frå planktonprøvene vi tek på toktet. Alt dette seier noko om tilstanden i havet.

Ikkje minst er det viktig å fastslå alderen til fisken: Forholdet mellom alder og storleik fortel mykje om levakåra. Og det er særleg aldersdata, både frå forskingstokt og frå fiske, som fortel at rekrutteringa til NVG-silda lenge har vore svak. Det er enorm skilnad på overlevingsraten til sildeyngelen frå år til år. Ein sterk årsklasse kan vere eit tital gonger større enn ein svak, og den siste verkeleg sterke årsklassen kom i 2004. Ei sild kan leve i over 25 år, men 2004-årgangen kan ikkje bere sildestammen så mykje lenger.

Akustikk i strid

Men har vi gode nok data til å vite kor stor sildebestanden er? Det er det sildestriden står om, og forskarar og fiskarar er rykande usamde om bruken av såkalla akustiske data frå sonar og ekkolodd. På toktet med «Johan Hjort» registrerer både sonaren og ekkoloddet kontinuerleg fisk i sjøen, men det er ekkoloddet som blir brukt til



Vêret i Norskehavet er lunefullt. På første delen av toktet er sjøen grov, og fleire planlagde trålhal må avlysast. (Foto: Per Anders Todal)

å vurdere mengda. Her er òg rom for skjønn: Toktleiar Are Salthaug syner meg korleis han tolkar informasjonen frå ekkoloddet. Han anslår storleiken på stimane, og vurderer om det er sild eller kolmule. Dei tettaste stimane, dei som gløder raudast på skjermen, er som regel sild.

– Men silda kan òg vere vanskeleg å skilje frå kolmulen. Det er ein av grunnane til at vi gjer prøvehal med trålen, seier Salthaug.

Sonar og ekkolodd har ulike eigenskapar, forklarar instrumentoperatør Bjarte Kvinge: Sonaren dekkjer eit større område, men er ikkje rekna som presis nok til å vurdere storleiken på fiskestimane. Ekkoloddet er betre til mengdemål, men strålen frå loddet dekkjer mindre areal og fangar ikkje inn sild nær overflata. Sildefiskarane meiner at havforskarane undervurderer bestanden fordi ekkolodda ikkje får med

seg sild som står grunt.

– Det er på eit vis to kulturar som møtest i denne debatten, meiner Are Salthaug.

– Forskarane må basere seg på systematiske undersøkingar og empiri. Men mange av argumenta vi blir møtte med, er ikkje baserte på vitenskap. Vi forskarar skal ikkje hovere, vi er heilt klart feilbarlege. Men vi er nøydd til å underbygge påstandane våre fagleg.

Pengane og sanninga

Eg forlet «Johan Hjort» under ein kort stogg i Kristiansund. Toktet skal halde fram i over ein månad til. Eg for min del skal prøve å finne ut kvifor striden om sildebestanden har blitt så hard. Ei banal forklaring er at det berre handlar om sildekvote, altså pengar. Kvotekutt er sjeldan populært blant fiskarane.

Rett nok er det ikkje forskarane som *fastset* kvotane. Kvar haust møtest havforskarar frå ei rekkje land i Det internasjonale rådet for havforskning, ICES, for å bli samde om neste kvoteråd for bestandane i Nord-Atlanteren, mellom dei silda. Kvotetildelinga er opp til nasjonale styresmakter. Men Fiskeridepartementet har lytta til havforskarane sine silderåd dei siste åra, og kvotane er sterkt reduserte. I 2009 var den norske

– Ingen er betre enn fiskarane til å vurdere storleiken på sildestimar.

TORFINN GANGSTAD, FISKAR

Den store stammen

- Norsk vårgytande sild er verdas største sildebestand, og har eit anna livsløp enn den haustgytande nordsjøsilda.
- NVG-silda gyter langs norskekysten i februar-mars. Larvane driv nordover med straumen og veks opp i Barentshavet.
- Den vaksne silda går ut i Norskehavet og beitar mest på det vesle krepsdyret raudåte.
- Kring 1970 kollapsa bestanden, og først i 1980-åra kom silda attende for fullt.



Forskingsteknikar Monica Martinussen studerer fangsten frå planktonhåven ved ein av stasjonane på økosystemtoktet. (Foto: Per Anders Todal)

sildeknoten litt over ein million tonn, kvoten for 2016 er på berre 193 000 tonn. Med dagens sildeprisar har den differansen ein verdi på kring fire milliardar kroner. Det står altså mykje på spel.

Dette handlar ikkje om pengar, men om å finne sanninga, seier fiskar Torfinn Gangstad, som er svært aktiv i sildedebatten.

– Vi som er på sjøen og fiskar, veit at det er mykje meir sild i havet enn forskarane vil ha det til. Forskarane har stor kunnskap, men dei er ikkje så mykje på havet som vi er, seier Gangstad, som har 50 års erfaring frå sildefiske.

I 2014 var han med på å starte prosjektet «Pelagisk Dugnad», der kring 120 reiarlag spleisar på bidrag til sildeforskinga. «Dugnaden» bidrog mellom anna til at forskingstokta for å kartlegge gytebestanden i februar, vart starta opp att. Desse tokta vart stogga av HI i 2008 som eit sparetiltak.

Men samarbeidet om gytetokta har ikkje fått slutt på krangelen. Tvert imot. Usemje om tolkinga av sonardata frå toktet sist vinter gav kon-

flikten ei ny omdreining. Havforskarane vurderte nokre av sildestimane på sonarbiletta til å vere under ti tonn. Gangstad og andre sildeskipperar vurderte dei same stimane til å vere på minst 250 tonn. Etter dette har striden eskalert i spaltene til Fiskeribladet Fiskaren.

– Ingen er betre enn fiskarane til å vurdere storleiken på sildestimar, seier Gangstad.

– For oss er det dyrt å ta feil. Er stimen for stor, kan han sprengje nota. Er han for liten, kastar vi bort tida. Men havforskarane verkar mest opptekne av å vise at dei har hatt rett i det dei har sagt før.

– Fiskarane har ein økonomisk motivasjon. Om bestanden blir justert opp, blir det større kvotar?

– Det er klart. Men vi har investert langsiktig i dette fisket, og er ikkje interesserte i å ruinere bestanden. Vi vil hauste berekraftig.

Gangstad hevdar det er mange feilkjelder i sildeforskinga. Han meiner mykje sild ikkje blir fanga opp av ekkolodda, og at gytetoktet

– Eg var sjølv toktleiar ved HI i mange år, og gremmar meg over at eg var med på å gjere så store feil.

JENS CHRISTIAN HOLST, HAVFORSKAR FOR PELAGISK DUGNAD





Sildefisket langs norskekysten har alltid svinga mykje. Dette biletet er frå vinterfisket i 1969, rett før bestanden kollapsa. (Foto: NTB scanpix premium/Sverre A. Børretzen)



Penny Lee Liebig, Nikolaos Nikolioudakis og Karen Gjertsen sjekkar fordelinga av sild, makrell og kolmule i trålhalet. (Foto: Per Anders Todal)

sist februar ikkje fekk med seg store mengder sild ved finnmarkskysten. Forholdet mellom fiskarar og havforskarar står no på spel, meiner Gangstad.

– Om ikkje forskarane byrjar å oppføre seg meir konstruktivt, trur eg samarbeidet blir veldig vanskeleg framover. Men vi kan hjelpe forskarane om dei er viljuge til å lytte. Vi har mykje å bidra med sjølv om vi ikkje har doktorgradar.

Da silda vart borte

Sildestriden har ei lang forhistorie. Finn Devold, den leiande norske sildeforskaren på 50- og 60-talet, var særskild populær langs kysten. Han brukte forskingsfarty til å spore opp silda for fiskarane, og meinte at fiske ikkje påverka sildebestanden nemneverdig. «Vi menneske kan ikkje gjøre bestanden mindre ved å fiske den», sa Devold i 1964. Men i 1970 var NVG-silda nesten utrydd. Naturleg nedgang kombinert med for hardt fiske hadde knekt stammen, og ikkje før i 1980-åra kom silda attende for alvor. Kollapsen førte til eit langt strengare reguleringsregime og har prega både havforskinga og fiskeforvaltninga sterkt.

Men blir føre var-prinsippet no praktisert for strengt? Om ein haustar mykje mindre sild enn bestanden toler, går store ressursar tapt



Jens Christian Holst slutta ved Havforskningsinstituttet i protest i 2013. No talar den røynde havforskararen saka til sildefiskarane. (Foto: Privat)

for fiskarane og for samfunnet. Varsemnda har vore for stor, hevdar havforskar Jens Christian Holst, som no er rådgjevar for sildefiskarane i Pelagisk Dugnad.

– Eg trur sildekollapsen kring 1970 har sett for djupe spor. Den sette ein stökk i forskarane og forvaltninga, og eg er flaska opp med denne haldninga sjølv. Men om ein berre seier «føre var» fordi ein har dårlege data, kan bestandane bli for store, seier Holst.

Han var seniorforskar ved Havforskningsinstituttet til 2013, og var bestandsansvarleg for norsk vårgytande sild frå 2004 til 2008. Holst sa opp fordi han ikkje fekk nok gjennomslag for å innføre såkalla økosystembasert forvaltning, i staden for å forvalte kvar bestand for seg.

Både silda og makrellen burde skattast hardare, meiner Holst. Han er overtydd om at bestanden av NVG-sild er langt større enn estimata.

– Det beste estimatet mitt er at bestanden er tre gonger større enn dei offisielle estimata. Forskarane har konstant undervurdert sildebestanden. Ein av grunnane er at forskingsfartya skremmer vekk silda før ho gjev utslag på ekoloddet, fordi dei går med for stor fart. Eg var sjølv toktleiar ved HI i mange år, og gremmar meg over at eg var med på å gjere så store feil, seier Holst.

– Om det var 20 millionar tonn sild i havet, ville eg blitt glad. Det ville gjort kvardagen min mykje enklare.

KATJA ENBERG, PROGRAMLEIAR FOR NORSKEHAVET VED HI

– Som leigesoldat for sildefiskarane kan du mistenkjast for å seie det dei vil høyre?

– Folk må gjerne skulde meg for å vere kjøpt og betalt, men dette er ikkje lukrativt for meg. Det har med vitskapleg integritet å gjere. Dessverre har HI gått i skyttargrava når det har kome sakleg kritikk, seier Holst. Han meiner forskarane bør gå saman med fiskarane for å forbetre metodane og finne ut korleis ein kan kombinere sonar og ekkolodd meir effektivt.

– Om havforskarane nyttar kompetansen til fiskarane betre, kan Noreg få den beste havforvaltninga i verda, seier Holst.

– Ingen prestisje

Havforskarane har i det siste kome noko av kritikken i møte. HI prøver å utvikle ein sonar for å måle storleiken på fiskestimar, og det er planar om at forskarar og fiskarar skal samarbeide om notkast på sildestimar ut frå sonardata, for å få ein fysisk fasit å halde målingane opp mot.

– Det stemmer ikkje at det har gått prestisje i dette spørsmålet for havforskarane, seier Katja Enberg, som er programleiar for Norskehavet ved HI, og leiar for ICES-arbeidsgruppa for NVG-sild.

– Om det var 20 millionar tonn sild i havet, ville eg blitt glad. Det ville gjort kvardagen min mykje enklare, seier Enberg.

– Vi prøver verkeleg hardt å forbetre metodikken. Men skal vi endre systemet, må vi få alle

i ICES med oss. Noreg forvaltar ikkje bestanden aleine. Og eg kjenner ikkje til nokon fiskebestand i verda som blir mengdemålt med sonar.

– Jens Christian Holst meiner de burde lytte meir til fiskarane?

– Vi snakkar med fiskarane i Fagleg utval for ressursforskning, vi har dialogmøte og er med på møta til fiskeriorganisasjonane. Mange viktige prosessar i ICES er òg opne for representantar frå fiskarane. Men likevel er det somme som ikkje kjenner seg høyrd. Eg hadde sett pris på det om dei i større grad framførte synspunkta sine i dei foruma vi har.

Sildestriden kan vare lenge enno. Til hausten skal ICES igjen kome med kvoteråd for sildefisket. Ikkje alle kjem til å bli nøgde. Og ingen kjem nokon gong til å kunne seie sikkert kor mykje sild det er i havet.

Frå toktet med «Johan Hjort» står særleg eitt minne tydeleg, ein ettermiddag med stiv kuling, da toktleiar Are Salthaug sat på brua og snakka om sjansane våre til å styre noko så mektig som Norskehavet.

– Vi trur vi forvaltar dette økosystemet. Men gjer vi det? Vi kan skru noko opp og ned på éin brytar, den som heiter uttak av fisk. Men utover det? Eg er ikkje sikker, sa Salthaug.

Vinden ulte, «Johan Hjort» gynga på fem meter høge bårer. Nett da kjendest det ikkje som om vi menneske kunne styre noko som helst. ■

Kva rolle spelar føre var-prinsippet i arbeidet ditt?

FOTO: EUNA MELTEIG



REIDUNN AALEN

Professor ved Institutt for biovitskap, UiO:

– Føre var-tenking er innebygd i tryggleiksforskningene som forskinga mi er underlagd. Tryggleikskrava for forskning på genmodifiserte planter er strengare i Noreg enn i mange andre land.



INGA BRUTEIG

Forskingssjef, Norsk institutt for naturforskning

– Forsking og kartlegging kan gje tidlege varsel om uønskete endringar i naturen, slik at forvaltning og politikarar kan bruke føre var-prinsippet.



BJARTE BOGSTAD

Forskar på torsk og lodde ved Havforskningsinstituttet:

– I ein del rapportar og artiklar konkluderer eg eksplisitt med at «dette er føre var» eller «dette er ikkje 'føre var'», ut frå det utrekna sannsynet for at noko uønskt skal skje.



CARLO AALL

Forskningsleiar, Vestlandsforskning:

– For meg inneber det at forskinga må leggje vekt på brukarmedverknad, tverrfaglegheit og problemstillingar som er særleg viktige for samfunnsutviklinga – til dømes klimautfordringa.

Sonardebatt i Stortinget

I mai i år kom sildestriden opp i Stortinget. Ove Trellevik frå Høgre retta ein interpellasjon til fiskeriminister Per Sandberg der han tok opp usemja om dei observerte sildemengdene sist vinter. Trellevik bad Sandberg om å få uavhengige ekspertar til å vurdere estimata og «avklare ekkolodds og sonarers nøyaktighet».

Sandberg hadde gjeve fiskarane grunn til håp. I april vart han intervjuva av Bergens Tidende om striden mellom HI og oppdrettsnæringa. Lakselusproblema held no att veksten, og talspersonar for næringa er svært kritiske til HI-forskinga på lakselusa. HI skal vere

«et næringsvennlig institutt», sa Sandberg til BT. «Politikerne har lagt rammevilkårene for hvordan denne næringen skal vokse, og HI skal dele ambisjonene for de vedtakene.» Men kva om forskarane meiner slik vekst er uforsvarleg? «Da må de lage modeller som gjør det forsvarlig å nå de målene», sa fiskeriministeren.

Mange har tolka dette som at Sandberg ville påleggje forskarane å konkludere til fordel for oppdrettsnæringa. Det har han sjølv avvist. Men han kom næringa i møte ved å setje ned eit fagleg råd for HI som mellom

anna skal gå gjennom forskinga på lakselus.

Ove Trellevik bad om noko liknande i sildestriden, då han ville ha inn «uavhengige eksperter» til å vurdere metodane til HI. Men i Stortinget tok Sandberg HI i forsvar. «Å sette ned et uavhengig utvalg hver gang næring og HI er uenig, mener jeg ikke er veien å gå», sa Sandberg, og viste til at instituttet arbeider med å redusere avstanden i tolkingane av sildedata. Han viste òg til historia: «Den historiske lærdommen maner til forsiktighet, og det er forsiktighet som skal gi et høyt utbytte på lang sikt», sa Sandberg.

USA

SAKSØKER MOT VÅPEN

Tre professorer ved Universitetet i Texas, Austin går til søksmål for å stanse en ny statlig lov som tillater bæring av håndvåpen på universitetet. Loven, som har størst støtte blant republikanerne, ble satt i kraft fra 1. august. Professorene som står bak søksmålet, mener den rammer den akademiske friheten fordi undervisere blir nødt til å revurdere hva de snakker om under forelesningene, av frykt for at opprørte studenter skal ty til våpenbruk, skriver Reuters.

KINA

Økt ulikhet

■ At stadig flere tar høyere utdanning i Kina, har ikke nødvendigvis ført til et likere samfunn, konkluderer et forskningsarbeid ved Lingnan universitet i Hong Kong. Rapporten konkluderer med at familiebakgrunn fortsatt har stor betydning for karrieren etter endt utdanning, og til og med har økende betydning. En av forklaringene er at familiene har blitt mer involvert i å skaffe barna jobb enn tidligere, skriver Times Higher Education.



FOTO: FLICKR/CC

SØR-AFRIKA

Avlyser Flemming Rose

■ Universitetet i Cape Town har trukket sin invitasjon til den danske journalisten og redaktøren Flemming Rose, som i 2005 sto bak publiseringen av Muhammed-karikaturene i Jyllands-Posten. Rose var invitert for å holde den årlige TB Davie Academic Freedom Lecture, men ble bedt om ikke å komme likevel. Begrunnelsen er frykt for sikkerheten og muligheten for å skape konflikt på campus. Beslutningen har ført til debatt blant ansatte ved universitetet, skriver Inside Higher Education.



THAILAND

Tar kontroll over universitetene

■ Thailands statsminister, general Prayut Chan-Ocha har overført betydelig makt over universitetene til en komité. Komiteen skal kunne sette et hvert universitet med interne stridigheter eller mangelfull styring under administrasjon, skriver Bangkok Post. Komiteen, som kan stanse alle aktiviteter ved universitetene, får sin myndighet gjennom den midlertidige grunnloven etter militærkuppet i 2014.

USA

Krever mer til fattige

■ 500-millionersklubben bør bruke langt mer på fattige studenter. Det krever den amerikanske organisasjonen the Education Trust, som i en ny rapport har studert økonomien til de rikeste universitetene i USA. Særlig universiteter som disponerer fond og legater på over 500 millioner dollar, får kritikk for ikke å kanalisere mer til studenter som kommer fra lavinntektsfamilier. På grunn av gaver og avkastninger har fondene vokst med 8,8 prosent fra 2010 til 2013, etter at de utdelte stipendene er trukket fra, skriver Inside Higher Education.



AFGHANISTAN

Akademikere kidnappet

■ En amerikansk og en australsk ansatt ved Det amerikanske universitetet i Afghanistan er meldt kidnappet. Ifølge CNN skal de to mennene ha blitt kidnappet mens de kjørte bil gjennom den vestre delen av hovedstaden Kabul (bildet), om kvelden 7. august. Sjåføren og en livvakt skal være uskadd. Universitetet holdt stengt de første dagene etter kidnappingen, men både universitetet og ambassadene er sparsomme med detaljer om hendelsen. Lokale sikkerhetsmyndigheter etterforsker saken.



FOTO: FLICKR CC/PHILIP HICKMAN

VERDEN

Flere kvinner på topp

■ Bare hvert sjettede av verdens 200 beste universiteter er ledet av kvinner, melder Times Higher Education i forbindelse med sin universitets-rangering. Det innebærer at 33 av 200 universiteter, eller 17 prosent, har kvinnelig rektor og to kvinner i andre ledende stillinger. Det er imidlertid en fremgang fra i fjor, da kun 28 universiteter hadde kvinnelig ledelse. Sverige er landet med høyest andel universiteter ledet av kvinner – fire av seks svenske universiteter på listen har kvinner på topp.



IRAN

Krever professor frigitt

■ Mer enn 5000 akademikere og forfattere har signert en underskriftskampanje for å få den iran-ske regjeringen til å frigi sosiolo-giprofessor Homa Hoodfar. Den kanadisk-iraniske professoren fra Concordia universitet ble fengs-let i juni mens hun var på reise i Iran. Hun skal være anklaget for å «drive med feminisme og sikker-hetsspørsmål», ifølge Times Hig-her Education. Hoodfar skal være den tredje personen med dobbelt statsborgerskap som er blitt ar-restert i Iran det siste året.



Danske departementer får kritikk for å kreve taushet av universitetsforskere. Her fra Københavns universitet.

FOTO: KØBENHAVNS UNIVERSITET

DANMARK

TVINGES TIL TAUSHET

De siste årene har det blitt avdekket flere saker i danske medier hvor forskere har blitt pålagt å underskrive taushetserklæringer, som innebærer at de ikke får uttale seg om sine forskningsresultater. Taushets-erklæringer representerer et stort problem for forskningsfriheten, men også for demokratiet, mener Heine Andersen, professor emeritus i sosiologi ved Københavns universi-tet. Han jobber nå med en utredning om forskningsfrihet, og sier til Universitetsavisen at han er skremt over hvor utbredt bruken av slike erklæringer er.



SVERIGE

Sulf blir Sulf

■ Sveriges universitetslärarför-bund (Sulf) har byttet navn – til Sulf. Forskjellen er hva som skjuler seg bak forkortelsen: Fra kun å favne universitetslærere skal Sulf i fremtiden stå for «Sveriges universitetslärare och forskare» – dette for at doktorgradskandida-ter og forskere skal føle seg mer hjemme i organisasjonen. Sulf understreker at navnebyttet ikke innebærer endret profil på fagfo-reeningen, som alltid har organi-sert undervisere og forskere.



Hun var vant til å fortelle andre dårlige nyheter om datasystemene deres.
Så oppdaget Marie Moe digital risiko inne i sin egen kropp.

TI KODER I HJERTET

MARIE MOE | Datasikkerhetsforsker i samtale med Bår Stenvik
Foto: Geir Mogen

En dag våknet sikkerhetsforsker Marie Elisabeth Gaup Moe¹ opp på gulvet fordi hjertet hennes hadde stoppet noen sekunder. På intensiven ble det raskt klart at hun måtte få en pacemaker.

Nå, fire år senere, er hun frisk og rask der hun sitter på kontoret sitt på SINTEF i Trondheim. Godt hjulpet av et implantat som står bak hvert eneste av hjerteslagene hennes.

– Jeg hadde aldri tenkt på sikkerhet i medisinsk utstyr før, men når du er forsker, har du lyst til å skjønne ting ordentlig, forklarer hun.

Hun hadde knapt kommet hjem fra operasjonen før hun begynte å google «sin» pacemakermodell, og oppdaget forbløffet at den hadde en wifi-oppkobling ingen hadde fortalt henne om. Hun begynte å teste ut pacemaker-sikkerhet på egen hånd, noe som etter hvert førte til at hun ble intervjuet i Dagens Næringsliv og internasjonale medier, og i dag holder foredrag om emnet verden over. Interessen er naturlig, for *worst case*-scenarioet hun beskriver, er skremmende: Hva om noen kan hacke seg inn på pacemakere via nettet og stoppe hjertene på folk?

Moe ønsker ikke å spre ubegrunnet frykt – avstandsdrap med pacemaker hører foreløpig fiksjonen til. Men forskere i samme ærend som henne har vist at en hacker kan finne og koble seg på pacemakere så lenge hun er i samme rom som bærer. Moe har selv erfart hvordan det føles når pacemakeren uventet halverer pulstrytmen. Etter operasjonen opplevde hun i flere måneder at anstrengelser som lange trapper eller å løpe etter bussen ble avbrutt av brå utmattelse og en følelse av å skulle dø. Etter mange undersøkelser viste det seg at pacemakeren hadde en feil innstilling som sykehusets programmerere ikke kunne se på sine skjermer – på grunn av en feil i programvaren. Om slike «bugs» og sikkerhetshull skal bli oppdaget, er det bra at uavhengige testere får tilgang, mener Moe.

– Noen tenker at de kan beskytte sikkerheten ved å holde ting hemmelig, men et prinsipp i krypto², som jeg jobber med, er at flere skal se på koden, så man kan få tredjeparts-verifisering. Jeg har trua på at produsentene har strenge interne rutiner for kvalitetssikring, men som

1 Født 1978, førsteamanuensis ved NTNU, forsker innenfor informasjons-sikkerhet ved SINTEF IKT, med erfaring som seksjonsleder ved NSM NorCERT, Norges nasjonale senter for håndtering av alvorlige dataangrep. Engasjert i den globale grasrotorganisasjonen *I am the Cavalry*, som jobber for bedre datasikkerhet i utstyr som er kritisk for liv og helse.

2 «Krypto» er kort for kryptografi, en måte å kode data på for å gjøre den umulig å tyde for uvedkommende. Moe studerte opprinnelig matte og fysikk med tanke på å bli kreftforsker, og det var via mastergraden i matematikk på kryptografi at hun ble ledet over til datasikkerhetsforskning.

– E-poster kan du tenke på som omtrent like hemmelige som postkort.

pasient og forsker vil jeg se åpne publiserte resultater, ikke bare at de sier «ja, vi har alt under kontroll».

– Hvordan reagerer produsentene når du tar kontakt?

– Noen har vært åpne for dialog, men vi har fortsatt en prosess foran oss. Grunnen til at vi ikke har publisert noen resultater ennå, er blant annet at vi vil gjøre det i forsvarlig samarbeid med produsentene. Man går ikke bare ut med info om sikkerhetshull.

Siden Moe ikke får alle data fra produsentene, må hun undersøke implantatene via såkalt «omvendt utvikling» – å koble seg til eksisterende utstyr og forske seg fram til hvordan det fungerer «fra utsiden». Hun har rigget seg til i laben med en rekke medisinske maskiner og pacemakere, noen er donert av pasienter og andre som støtter arbeidet, andre er kjøpt fra Ebay³. I USA og andre land har pasienter og forskere gjort lignende prosjekter med insulinpumper og annet utstyr⁴, og nylig sørget en aksjonistgruppe for at omvendt utvikling av medisinsk utstyr fikk et unntak fra copyright-lover som ellers kunne rammet dem som prøver å forbedre utstyret på eget initiativ. Moe er selv med i gruppen *I am the Cavalry*, som jobber politisk for at informasjon om datasikkerhet skal kunne deles mer effektivt.

